

FORELDREINFO JANUAR 2024

FAU/SU/SMU



Det har vore møte i FAU 25.januar. Referat frå møtet finn du [her](#).

Neste møte i SU/SMU er den 7.februar.

Søknadsfrist SFO

Denne blir 1.mars 2024.

For skuleåret 2024-2025 vil SFO stenga kl 12 den 12.november grunna personalseminar 13/14 nov. Dette vil bli trukka av rekning på desember månad for dei som nyttar tilbodet onsdagar.

Søk via [Visma flyt skule - foreldreportalen](#). Hugs å legg inn feriepakke om du ønsker dette.

Klagefrist på standpunktkarakterar

Skulen minner om at det er 10 dager klagefrist på standpunktkarakterer på 9. trinn (mat og helse) og 10.trinn (andre fag). Dette gjeld når elevane får utdelt karakterkort/vitnemål til sommaren. Skulen pliktar å informera føresette om dette i god tid, difor kjem denne infoen allereie no.



I klaga må det kome fram kva ein klagar på, relevant informasjon og grunngjeving for klaga.

Klaga skal sendast skriftleg til skulen v/rektor som vil senda denne vidare til Statsforvaltar, saman med grunngjeving og dokumentasjon frå skulen ihht. kap. 5 i *Forskrift til Opplæringslova*. Føresette vil få kopi av det som blir oversendt til Statsforvaltar.

Sjå [denne nettsida](#) for meir informasjon.



For ein flott start på 2024! Først ein lang eperiode med kaldt og fint skøytever, så ein (til Rogaland å vera) lang periode med snømengder me sjeldan har sett her i dalstrøka! Dette har ført til utruleg mykje kjekk leik ute for elevane; isfisking, skidag for 1.-4.trinn, skøyte dagar på ulike trinn mm. Veldig kjekt å sjå elevane kosa seg ute!

Ungdomstrinnet har fått gjort litt annleis-aktivitetar innandørs og. 10.trinn var på fagdag med helsefagleg fokus på Dalane VGS, 9.trinn har vore på byvandring med besøk på oljemuseet i Stavanger og 8.trinn har prøvd seg som politikarar på kommunehuset for ein dag. Gildt å kunne tilby spennande opplegg og utanfor skulerammene!

No er det snart februar og første vårdag. Lysare og varmare tider i vente! Minner om vinterferien veke 9, SFO har då ope heile ferien.

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

